



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Måndag 16. november 2015 kl. 18.00-19.00.
Neste møte: Måndag 21.12. kl. 19.00.
Stad: Syltøran
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Einar Bergheim
Vidar Ulvestad
Svein Dalen
Arne Øie
Erling Fiske
Øystein Hjelle Bondhus
Ellbjørg Haugen Larsen

Forfall: Stian Faksnes

Sakliste:

Sak 37/15 Godkjenning referat

Referatet er godkjent.

Merknad:

- Styret sette ikkje tidsfristar for den nedsette komiteen, som skal sjå på kriterier for vedtak av fordelingsnøkkel.

Sak 38/15 Førebuing Ekstraordinært årsmøte 16.11.

Det utsendte saksframlegget vart gjennomgått og diskutert.

Merknad:

- Alpingruppa har solid økonomi, og evne til å mellomfinansiere, enten gjennom egne pengar eller låneopptak, dersom det skulle bli behov for dette.

Forslag til vedtak:

Styret foreslår til årsmøtet:



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Surnadal IL byggjer fleirbruksbygg ved Surnadal alpinsenter. Kostnadsoverslaget er på om lag kr. 600.000,-. Finansiering: 1/3 er spelemidlar, medan det resterande er dugnad og spons/rabattar.

Vedtak: *Styret foreslår til årsmøtet:
Surnadal IL byggjer fleirbruksbygg ved Surnadal alpinsenter.
Kostnadsoverslaget er på om lag kr. 600.000,-. Finansiering: 1/3 er spelemidlar, medan det resterande er dugnad og spons/rabattar.*

- Utmelding av Norges Triathlonforbund

Saka vart lagt fram og åpna for diskusjon.

Forslag til vedtak:

Styret foreslår til årsmøtet:

Surnadal Idrettslag melder seg ut av Norges Triathlonforbund.

Vedtak: *Styret foreslår til årsmøtet:
Surnadal Idrettslag melder seg ut av Norges Triathlonforbund.*

- Revisor – intern eller ekstern

Saka vart lagt fram og åpna for diskusjon.

Merknad:

- Ola sender Ellbjørg eksisterande instruks for kontrollkomité. Ellbjørg reviderer denne til å gjelde revisorar. Ola og Ellbjørg tek kontakt med Talke og Rolv for gjennomgang av ny instruks.

Forslag til vedtak:

Styret foreslår til årsmøtet:

1. Surnadal IL avviklar samarbeidet med Nordmøre Revisjon inntil vi eventuelt passerer grensa på 5 millionar kroner. Vi vil be rekneskapsførar om å ha eit skjerpa blick på rutinane i laget.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

2. Idrettslaget sine lover vert justert, ved at §15-1, punkt 10 går ut.

Dagens punkt 11 blir dermed nytt punkt 10, og bokstav d i dette punktet vert endra til: «To revisorer», i tråd med NIFs lovnorm.

3. I tråd med det nye §15-1, punkt 10 d vert Rolv Lysø og Talke Ranes valt til revisorar i Surnadal Idrettslag.

Vedtak: *Styret foreslår til årsmøtet:*

1. Surnadal IL avviklar samarbeidet med Nordmøre Revisjon inntil vi eventuelt passerer grensa på 5 millionar kroner. Vi vil be rekneskapsførar om å ha eit skjerpa blikk på rutinane i laget.

2. Idrettslaget sine lover vert justert, ved at §15-1, punkt 10 går ut. Dagens punkt 11 blir dermed nytt punkt 10, og bokstav d i dette punktet vert endra til: «To revisorer», i tråd med NIFs lovnorm.

3. I tråd med det nye §15-1, punkt 10 d vert Rolv Lysø og Talke Ranes valt til revisorar i Surnadal Idrettslag.

Sak 39/15 Førebuing årsmøte 2016

- Fastsetting av dato

Ifølge lovene før utgangen av mars. Forslag: torsdag 17. mars.

Vedtak: *Årsmøtet i Surnadal IL vert i 2016 arrangert 17. mars.*

- Prosessen fram mot årsmøtet

Ny frist for innsending av budsjett: 30. november.

Frist for innlevering av bilag: 15. januar.

Frist for innsending av årsmelding: 15. februar.

Alle gruppene skal bruke same mal for årsmelding. Dagleg leiar sender ut mal til gruppeleiarar.

Sak 40/15 Orienteringssaker

- Styremøte i Surnadal alpinsenter

Arne orienterer.

- Felles idrettsrådsmøte



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Øystein orienterer.

Øystein, Erling og Einar får ansvaret for å sjå nærare på avtalen kommunen har med Rindalshallen.

Erling lagar SIL sin presentasjonsvideo til Idrettens festkveld i april. Øystein sender ut e-post og ber gruppeleiarane sende inn bilete frå si gruppe.

- Møte om flyktningsarbeidet i Surnadal kommune

Øystein orienterer. DL vart på møtet valt inn i ei referansegruppe som skal fungere som eit bindeledd mellom Surnadal kommune (eining for Vaksenopplæring og integrering) og frivillige lag og organisasjonar. Denne gruppa har første møte 26.11.

Sak 41/15 Open post

- LED-lys og rulleskianlegg

Ellbjørg informerer om at det i langrennsgruppa har vore snakka om- og sett på mulegheitene for å få til eit rulleskianlegg på Nordmarka, samt eit skifte til LED-lys i lysløypa.